Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE

Erko Settefisk AS

5012 BERGEN

Vår dato: 22.06.2015
Vår ref.: 201307338-77
Arkiv: 313 /044.4
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Bård Andreas Selstad Ottesen
22 95 95 28 / baso@nve.no

# Erko Settefisk AS – Søknad om løyve til uttak av vatn og regulering av Storavatnet til produksjon av settefisk, Stord kommune i Hordaland - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 03.07.2013.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til uttak av vatn og regulering av Storavatnet med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagt KI - notat nr. 15/2015 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld vassuttak og regulering av Storavatnet til landbasert oppdrett og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Før det vert utarbeidd tekniske planar for dam og vassveg, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og det må vere fatta vedtak. Konsekvensklassen er avgjerande for krav til sikkerheit som vert stilt til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar. NVE sin saksbehandlar for godkjenning av tekniske planar er Oddvar Indrebø i seksjon for damsikkerheit i tilsyn- og beredskapsavdelinga. Regelverk, retningslinjer og rettleiarar for klassifisering og tekniske planar for vassdragsanlegg finst på www.nve.no, under menypunkta Sikkerhet, tilsyn og beredskap -> Damsikkerheit -> Regelverk.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse. Detaljerte planar skal leggast fram for NVE sitt regionkontor i Førde.

Vi viser elles til NVE sine rettleiarar 2 og 3 frå 2013 *"Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga."* og *"Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon"* som er å finne på http://www.nve.no/miljotilsyn. Vi understrekar at

anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

**Om klage og klagerett**

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Gry Berg
seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg: Vassdragskonsesjon for Erko Settefisk AS – Storavatnet, Stord kommune
KI-notat nr. 15/2015

Kopi til:Kopi:

Aksjonsgruppen Sagvåg og Litlabø reiser seg til felles innsats v/Trine Kyvik
Anders Totland
Ann Iren Laupsa
Bydelsbloggarane v/Lena Bosvik Ask
Camilla Utne
Fylkesmannen i Hordaland
Geir Raustein Aasheim
Gøran Alsaker
Hanne Førsund Larsen
Helene Lindskog
Hillarhaugen vel v/Tone Skjønberg
Hordaland fylkeskommune
Ingebjørg Bosvik
Jan Erik Aga
Jorunn Wilhelmsen
Kari Einarsen
kjartan Sæbø
Kystverket Vest
Laila Aarre
Lars Olav Litlabø

Lene Lorentzen
Litlabø gård v/Håkon Østerhus
Litlabø skule v/Rune Valvatne Ask
Mosahaugen burettslag v/Karen Valvatne
Randi Sørheim
Reinert Valvatne
Rødkleiv Vel v/Gunnvor Sen
Sagvåg bygdalag v/Heidi Berg
Sagvåg Forum v/Knut Petter Hagen Thorsen
Sigmund Grønsdal
Sjur Ole Nesbø
SKL Nett AS
Solveig Valvatne Hjøllo
Sten Isdal
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum
Stord Jeger- og fiskeforening v/joost Lommelaars
Stord kommune
Stord motocross klubb v/Rune Rekve
Stord ungdomsråd v/Arja Myhre
Stord Vatn og Avlaup KF
Stord-Fitjar turlag
Sunnhordland Museum v/Rune Eide
Terje Breivik
Terje Hope
Tone R. Rimmereide
Torbjørn Marthinsen
Øystein Kyvik
Åshild Djuve